




Norsk Oversetterforening  
The Norwegian Association of Literary Translators



Kultur og kirke-departementet  
Postboks 8030, Dep,  
0030 Oslo

Oslo 30. april 2007

Dykkar ref 2006/65737KU/KU2 NBA:amb

### Høyring - "Bibliotekreform 2014"

Norsk Oversetterforening (NO) vil gje nokre få kommentar til "Bibliotekreform 2014". Først ynskjer NO berre å slå fast at satsing på bibliotek er viktig, spesielt viktig er det å halde fast på at biblioteka skal vere gratis, tilgjengelege og at bokstamma skal representere eit breidt utval av litteratur.

NO støtter forslaget om å styrke og utvide innkjøpsordningane for omsett litteratur (pkt 1.5, målområde 1).

Denne innkjøpsordninga vart utvida med 10 titlar i 2007 og gir per i dag høve til innkjøp av ca 75 titlar. Dette skal dekke innkjøp av omsett samtidslitteratur, klassisk litteratur, essayistikk og teikneseriar. Det kommersielle presset har auka etter innføringa av den nye bokavtalen, dette gjer at innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur er viktigare enn nokon gong. Talet på titlar dekkar på langt nær behovet for innkjøp, behovet for ytterlegare utviding er difor stort.

Ut over desse kommentarane viser NO til høyringsuttale frå Den norske Forfatterforening og Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere

Beste helsing  
Norsk Oversetterforening

Bjørn Herrman  
*formann(sign)*

  
Oddrun Remvik  
generalsekretær